



Lindås VVS N.T AS
PB 42
5951 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3445 - 16/32064

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
22.11.2016

Løyve til etablering av minireinseanlegg - gbnr 104/36 Haukås

Administrativt vedtak. Saknr: 561/16

Tiltakshavar: Torfinn Bakken
Ansvarleg søkjar: Lindås VVS N.T AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av minireinseanlegg for fritidsbustad på eigedom gbnr. 104/36.

Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terrengarbeid, samt leidningsnett. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Saka omfattar søknad om utsleppsløyve. Det er gjeve utsleppsløyve i administrativt vedtak. Saknr. 560/16, datert 22.11.16.

Det vert elles vist til søknad motteken 27.10.16.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden/planid.: 1263-200810 sin arealdel er definert som LNF-føremål, det går fram av matrise i KDP at aktuell eigedom gbnr.104/36 vert rekna som LNF med spreidd fritidsbusetnad.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.



Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 07.07.16.

Vatn og avløp (VA)

Det er søkt om og gjeve utsløppsløyve i sak: 560/16/vedtak datert 22.11.16. Utsløppsløyve gjeld Biovac minireinseanlegg av typen FD 5 N PEH for 5 pe.

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser plassering av anlegget.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eit trinn for etablering av minireinseanlegg av typen Biovac FD 5 N PEH, 5 pe, på eigedom gbnr. 104/36 på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 07.07.16 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Det skal seinast ved søknad om mellombels bruksløyve/ferdigattest leverast inn faktisk plassering av tiltaket, enten ved utmål frå minst 2 hjørne på eksisterande fritidsbustad på situasjonsplan, eller ved koordinatfesting av anlegget.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag

på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/3445

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Torfinn Bakken

Skoleåsen 53

9513

ALTA

Mottakarar:

Lindås VVS N.T AS

PB 42

5951

LINDÅS